



Team Hardanger

Referat frå møte 23. januar 2017 kl 12.00 – 15.00
Eidfjord Fjell & Fjord Hotel, Eidfjord.

Tilstades:	
Jondal kommune:	Sigrid Brattabø Handegard
Kvam herad:	Jan Tjosås frå kl 12.30
Odda kommune:	Elisabeth Wesenlund Hauge
Eidfjord kommune:	Lisbeth Bygstad Celik
Ulvik herad:	Natalia Golis
Hardangerrådet iks:	Jostein Eitrheim

Forfall:	
Granvin herad:	Olav Seim
Ullensvang herad:	Rannveig Børve
Næringsshagen i Odda:	Marie Opheim
Næringsshagen i Hardanger:	Sigmund Vereide
Hardangerrådet iks:	Trude Rinaldo

Sakliste

1. Hardingtinget 2017 16. februar i Odda

- a. Team Hardanger har fått utfordringa med å laga program for Hardingtinget i år. I møtet drøfta ein programmet for dagen, og ein vart samde om å byggja dette på punkta under:

Utkast til program:

1. Næringsutviklinga i Hardanger – kva er status i dag ?

- Eit bakteppe
 - Kva har vi lukkast med ?
 - Utvikling – nye verksemder – type verksemder (enkelpersonføretak/aksjeselskap/tal på tilsette)
 - Nedgang i offentlege arbeidsplassar i regionen.
 - Næringsplan for Hardanger - Utviklingsplan for Indre Hordaland

2. Team Hardanger

- Mandat/Rolle
- Arbeidsform
- Utfordringar framover

3. 3 bedrifter i Hardanger orienterer om:

- Sine forventningar til kommune/fylkeskommune
- Kva treng vi for å lukkast med etablering/drift/utvikling ?
- Har ny kommunestruktur konsekvenser for næringslivet ?

Paneldebatt/Gruppearbeid !?!

4. Lunsj

5. Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga

- Kva er fylkeskommunen si rolle i næringsutviklinga ?
- Roller og samspel mellom fylkeskommunen og Hardanger ?

6. Gruppearbeid

- Korleis skal Hardanger marknadsføra og løfta fram:
 - Bukvalitetar i Hardanger
 - Næringsutvikling i Hardanger

Sigrid og Jostein arbeider vidare med detaljer og tidsplan for programmet og oversender i løpet av veke 5 eit forslag til ferdig program for Hardingtinget 2017 til alle medlemmene i TH for kommentarar og innspel.

Endeleg program og invitasjon må sendast ut til kommunane seinast ei veke før Hardingtinget dvs. 9. februar.

2. Generelle strategiar for næringsutvikling i Hardanger.

Næringsplan for Hardanger – Utviklingsplan for Indre Hordaland bør verta hovudtema for neste møte i TH.

Korleis skal Hardangerkommunane best nytta sine begrensa ressursar til næringsutvikling ?

Vi ønskjer å få fram ein oversikt over kva støtte Hardangerkommunane gjev til «fellesprosjekt». Dvs. aktørar som søkjar støtte frå meir enn ein kommune.

3. Arealguiden.no

- a. Trude vert kontaktperson for Hardanger inn mot www.arealguiden.no . Det må utnemnast/utpeikast ein ansvarleg i kvar kommune som kan levera opplysningar til Trude. Trude følgjer opp.

4. Innmeldte saker

Ingen innmeldte saker.

5. Orientering frå dagleg leiar

Søknad frå HOG Energi – omstillingsalliansen.

Denne søknad og svar frå HFK ligg vedlagt til referatet.

Prosjektet omfattar alle kommunane i Hordaland. Me vil i neste møte i TH orientera om framdrift og møter med næringslivet i Hardanger som ein del av dette prosjektet.

Møte i Regionrådet 9. februar skal drøfta Arbeidsplan for Hardangerrådet (ligg vedlagt) og strategi for Hardangerrådet ift at Granvin herad frå 01.01.2020 vert ein del av Voss kommune.

6. Ymse

Ingen saker.

Eidfjord, 23.01.2017

Jostein Eitrheim
Referent